

Dag og tid 30.04.2010

Njálssoga: 25% miljø, resten arv

Hjernevask-programma til Harald Eia har skapt mykje diskusjon om samhøvet mellom miljø og arv. Dei personlege eigenskapane våre, interessene og intelligensen – i kor stor grad er dei medfødde, og i kor stor grad er dei produkt av miljøet vi voks opp i? Eia kritiserer kjønnsforskarar og samfunnsforskarar for å leggja lita vekt på det medfødde, samstundes som dei ikkje har sett seg inn i nyare forskning som tyder på at det medfødde er mykje viktigare enn miljøet. Han kritiserer òg ”den intellektuelle slappheita” det er å seia: ”å, det er ei blanding av arv og miljø”. Det er klart det er det, så Eia erklærer: ”Vel, lat oss finne ut kva den blandinga er, da!” (*Forskerforum* 4, 2010). Det er ikkje berre i dag folk er opptekne av desse spørsmåla. Kva forfedrane våre i mellomalderen meinte om dei, er blant temaa vi granskar i faget norrøn filologi.

Det viser seg at ein ikkje berre tenkte over dette, men hadde eit eksakt svar på det: I den islandske *Njáls saga* frå 1200-talet heiter det at ”ein fjerdedel kjem av fostringa”, altså miljøet. Dette ser ut til å ha vori eit ordtak, og i så fall var det gjengs oppfatning at det medfødde forklarar $\frac{3}{4}$ av kven vi er – altså noko av det same som den nyaste forskinga i vår tid er kommen fram til. Det same grunnsynet (men ikkje ”brøkfesta”) går fram av andre ting i den norrøne litteraturen. Det er mange døme på at dersom eit høgætta barn blir ombytt eller selt som træl, så skjønar ein likevel av framferda og karakteren til barnet kor det høyrer til i samfunnet. Blir småårsbarn plasserte i ein mykje gjævare posisjon enn dei har arv til, så avslører dei seg òg. Det som bur i ein ”sprenger seg fram”, så å seia. Det same grunnsynet ser vi av at det var vanleg at borna til aristokratiet vart fostra opp av andre enn foreldra, anten av nokon i hushaldet deira eller av ein annan familie. Fostraren stod alltid lågare sosialt enn familien barnet kom frå, og dersom ein meinte at denne ”simple” påverknaden ville forme barnet på avgjerande vis, så ville foreldra neppe funni seg til rette med ordninga, for sosial posisjon var svært viktig. Ein har tydelegvis meint at ein var den ein var, same kor ein voks opp.

Kva grunnlag hadde ein for å meine det? Éin faktor er nok at dette synet var til fordel for dei som hadde makta i det klassedelte mellomaldersamfunnet, fordi makta i stor grad gjekk i arv: ”Vi herskar fordi vi har ein medfødd herskarkvalitet! Den er det berre vi som har, og det kan ingen ting endre!” Men det er ikkje til å koma forbi at folk den gongen hadde mykje empiri om dette. I vår tid er det særleg adopsjonsforskning som har sannsynleggjort at det medfødde i regelen er mykje viktigare enn miljøet ein veks opp i. Det viser seg at adopterte ungar liknar mykje meir på dei biologiske foreldra enn på adopsjonsforeldra, ikkje berre i det ytre, men òg i evner og personlegdom. I vikingtida og mellomalderen innebar skikken med fostring at samfunnet i praksis gjennomførde enkle forsøk med dette i stor stil. I generasjon etter generasjon kunne folk observere at den som vart fostra hos andre likevel vart meir som foreldra sine enn som fostraren. Når folk meinte at arv var viktigare enn miljøet, så var hovudgrunnen ganske sikkert at det er slik. At fakta i dette tilfellet var til fordel for makthavarane, falsifiserer ikkje fakta.

Faren for at resultat frå arveforskinga skal brukast politisk er truleg hovudårsaka til at mange på venstresida i dag er skeptiske til denne forskinga. Men dette følgjer ikkje logisk. Å godta at evner i stor grad går i arv inneber ikkje at offisielle maktposisjonar skal gå i arv, og den fordelten ein har av ein ressurssterk bakgrunn blir ikkje større om vi innser at ein stor del av denne fordelten ofte er genetisk. Utjamning kan vera eit overordna mål, same kva årsaka til

skeivheita er. Kravet om at alle skal ha like rettar og like mulegheiter er rimeleg i alle tilfelle. Dersom dei veike strever meir av årsaker dei har frå fødselen enn fordi dei voks opp i eit vanskeleg miljø, så gjev ikkje det dårlegare grunn til å hjelpe dei. Men skal den hjelpa monne, så må ho ta utgangspunkt i verda slik ho faktisk er. Å halde seg med eit kart som ikkje stemmer med terrenget, og krevja at samfunnet skal gjera det same, er ein dårleg strategi.

Eldar Heide
Norrønfilolog, Bergen